



Til alle kommunane v/ordførar

Dato: 25.03.2015
Vår ref.: 2014/17340-23
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

Friluftslivets år 2015 er forankra i Regional kulturplan (2015-2025) og gir eit høve til å sette fokus på all den positive aktiviteten som finst rundt om i fylket. Målet er at Friluftslivets år skal gi varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga og vere med på å gi friluftsliv auka merksemd.

I brev frå Klima- og miljøminister Tine Sundtoft av 6. november 2014 oppmodar ho samtlege kommunar til å utpeike sitt mest attraktive friluftslivsområde. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2. 2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland og premiere vinnaren med kr 30.000, og i møte 19. mars vart retningslinjer for denne kåringa vedteke. Retningslinjene er forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Regionalt kulturplan (2015-2025) og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder;

- Lokalisering – i eller utanfor tettstad/by, nærleik til skule, idrettsparkar m.m.
- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærleiken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) – t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde – korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året – på land og i vatn – t.d. utstyrsbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano,
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar – kva kan ein oppleve av tilleggsvardiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

Eg oppmodar alle kommunane til å nominere eitt av sine friluftsområde til denne kåringa innan 10. juni. I dykkar nominasjon ber vi dykk seie noko om kva eventuelle prispengar på kr 30.000 skal nyttast for å gjere område endå meir attraktivt. Søknaden skal innehalde bilete, skildring og ei grunngjeving. Skjema er tilgjengeleg på [www.hordaland.no/kultur frå 20](http://www.hordaland.no/kultur%20fr%C3%A5%2020). april.


På basis av nomineringane frå kommunane skal Kultur- og ressursutvalet med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer, i august velje ut 3-5 finalistar som kan representere mangfaldet av friluftsområder i Hordaland. Desse områda vil det bli forsøkt sett fokus på fram mot kåring av ein vinnar blant desse i november. Prisen vert delt ut under fylkestinget 8.-9. desember.

Ved å nominerer sitt mest attraktive friluftsområde, bidreg kommunane til å få fokus på det store mangfaldet av flotte friluftsområder vi har i Hordaland. Eg utfordrar dykk til å invitere til gode lokale

prosessar med brei involvering av t.d. skular, barnehagar, velforeiningar, lag og organisasjonar m.m. til å vere med å stemme fram sitt friluftsområde.

Ta kontakt med fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld på tlf.; 45666326 eller britt.karen.spjeld@hfk.no eller rådgjevar Hanne Espe på tlf; 55 23 91 78 eller hanne.espe@hfk.no om de har spørsmål eller treng meir informasjon.

Med vennleg helsing



Tom-Charister Nilsen
fylkesordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bergen og Omland Friluftsråd
Friluftsrådet Vest
Forum for natur og friluftsliv

Vedlegg

1 Brev frå Klima- og Miljøverndepartementet, dagsett 06. november 2014